

litt om serien

# Galaterbrevet - nådens evangelium

Paulus skriv brev for å halde kontakten med mange av dei kristne kyrkjene han planta på sine misjonsreiser. Det var spørsmål å svare på og konflikter å løyse opp i. Paulus fulgte opp leiarar og enkeltmennesker og hjalp dei til å skjöne og leve trua på evangeliet om frelse i Jesus. Men i eitt av det første breva han skreiv, brevet til Galatarane, har Paulus ein ekstra direkte og hard tone. Ikkje lenge etter han har vore hos dei, glippe det heilt sentrale: nemlig evangeliet. «Er de gått frå vettet» spør Paulus. All glede og tryggleik, all fridom og frimod, ja heile frelsa forvitrar om de ikkje har og byggjer på det eine, sanne evangeliet eg har forkynt dykk. Sjølv om det kan vere mange innsteg til det å tru, har trua eit innhald som inga ny openberring, inga ny erfaring, ingen ny tanke eller kjensle kan gjere om på. For det som står på spel her, er om vi eigentleg frelsar oss sjølve, eller om det er Jesus som frelser oss. Og DET skal vi grave i i denne serien.

litt om tema:

## Anden gjer slavar om til søner

Paulus skriv mykje om lova og lova sin funksjon i denne passasjen. Lova er som ei innhegning, ein skulemeister som skulle halde oss og lære oss - inntil Jesus kom. I tru på Jesus startar ein enorm endringsprosess i eit menneske. Å gå frå eit tilhøve der ein sjølv må arbeide steinhardt, liksom ein slave, for å halde seg innanfor, til eit nytt tilhøve der a. identiteten som Guds born, og b. arveretten til himmelske rikdomar og gleder vert gjeve ved tru. Ikkje fortent ved lov, men gjeve ved tru. Anden si rolle i det kristne livet er å stadig minne oss om kva vi har og kva som er gjeve oss i Jesus, slik at vi kan forstå at vi er Guds born, og så hjelpe oss å legge av hangen til å stadig returnere til slavementaliteten der vi må fortjene og prestere. Gud er Far, ikkje sjef! Anden ropar: Abba!


# Anden gjer slavar om til søner



## Bibel

### Gal 3,23-4,7 Spørsmål til teksten

1. Kva var funksjonen til Lova, i følgje Paulus?
2. Korleis er livet i trua på Jesus i kontrast til eit liv basert på Lova? Kva ord nyttar Paulus for å skildre forskjellen?
3. Slave, arving, son og (u)myndig er viktige ord i 4,1-7. Kva rolle har trua og Anden i ei evt. rørsle i dette?



## Fellesskap

### Den ærlege samtalen:

1. Livet under lova, dei uskrevne reglane. kan du kjenne igjen dette i eige liv?
2. Kva kan skape kjensle av fridom og frykt i våre liv idag?
3. Korleis opplevast det når Anden for overbevise deg om at du er Guds born?



## Misjon

### Gjennom deg og vidare

Å verte adoptert inn i Guds familie og slik verte Guds born er å kunne kvile i ein identitet som vert gjeve deg, slik at du ikkje lenger må streve for å bli nokon. Kven rundt deg som slit hardt med å rettferdiggjøre seg sjølv, kan du løfte fram rettferdigging av tru til?



## Raushet

### Takksam deling

Ved å gje seg sjølv for for oss har Jesus gjeve oss eit nytt bilete av kva det vil seie å vere menneske. Likevel er det vanskelig for oss å gje slepp på dei gamle bileta. Korleis kan de snakke fram eller hente ut meir av bilete Jesus gjev oss av kven vi er?



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at det ikkje er gjennom eigne harde forsøk (lov) at vi får verte Guds born, men ved trua.
2. Be om klarsyn og frimod til å leve i den fridomen Jesus har gjeve oss ved trua og i Anden.
3. Be gjerne for kvarandre og for ting de opplever trykker på i livet for tida.

Som kristne veks vi ved å lære å høyre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Hørde eg?  
Kva Gjer eg med det?

